

Saksbehandlar: Kristin Rundsveen, Fylkesordføraren  
Sak nr.: 19/3824-1

## Handlingsplan for førebyggjande arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme

**Fylkesrådmannen rår Fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget godkjenner framlegget til Handlingsplan for førebyggjande arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme

### **Vedlegg:**

Handlingsplan for førebyggjande arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme  
Rettleiar for førebyggjande arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme

### **Andre relevante dokument i saka:**

Søknad om tilskotsmidlar til Kompetansesenter for kriminalitetsførebygging

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Samandrag**

Handlingsplan for førebyggjande arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme er utarbeidd av ressursgruppa for førebyggjande arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme i Sogn og Fjordane.

Regjeringa la fram sin «Handlingsplan mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme» i juni 2014. Forebyggingsarbeidet er sentralt for å sikre grunnleggjande verdiar som demokrati, menneskerettar og tryggleik. Regjeringa såg at det var behov for meir kunnskap, meir samarbeid og betre koordinering av arbeidet på området. Målet med å fange opp personar i risikosona så tidleg som mogleg krev innsats på tvers av fagområde og samfunnssektorar.

Sidan 2015 har fleire kommunar og fylkeskommunar utarbeidd handlingsplanar og rettleiarar. Det same har ulike politidistrikt. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin handlingsplan byggjer i stor grad på handlingsplanen til Hordaland fylkeskommune, då Hordaland og Sogn og Fjordane frå 2020 er Vestland fylke. Handlingsplanane har regjeringa sin handlingsplan som utgangspunkt.

I prosessen med utarbeiding av planen har vi hatt eit tett samarbeid med radikaliseringskontakten i Vest politidistrikt og radikaliseringskontaktane til politiet i Sogn og Fjordane.

Tiltaka i planen gjeld for opplæringssektoren på dei områda der Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit ansvar. Tiltaka må i all hovudsak utarbeidast i samarbeid med andre etatar og forvaltningsnivå. Eit viktig samarbeid er med Rafto undervisning og RVTS Vest, som regjeringa har gitt ansvar for kompetanseheving på feltet.

### **2. Bakgrunn for saka**

Ved den nylege beredskapsøvinga mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland og Politiet, kom det fram at det er behov for at nokon har/tek eit meir overordna ansvar for å samordne førebyggjande arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Vi har mange små kommunar med avgrensa ressursar, og dersom fylkeskommunen kan ta ei meir koordinerande rolle vil det vere positivt og føre det førebyggjande arbeidet framover. Hordaland fylkeskommune har i ei årrekke hatt eit tilsvarande samarbeid med Bergen kommune. Pr. i dag drivast ikkje noko systematisk førebyggjande arbeid innanfor dette fagfeltet i Sogn og Fjordane.

Politiet ser det som føremålstenleg at fylkeskommunen tek ei samordnande rolle i det førebyggjande arbeidet. Det er oppretta god kontakt med Politiets radikaliseringskontaktar i fylket og ved RVTS Vest om samarbeid.

Fylkesrådmannen har som følge av den nasjonale handlingsplanen mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme sett ned ei ressursgruppe for førebyggjande arbeid mot radikaliserings i Sogn og Fjordane (Kristin Rundsveen, frim stab og Yrla Klein, OA). Gruppa har følgjande oppgåver:

Samarbeide/koordinere samarbeid med andre instansar om førebyggjande arbeid for elevar i vidaregåande opplæring, som

- Fylkesmann
- Politi
- Kommunar
- Barnevern
- IMDi.

Vidare:

- Sikre at dei tilsette i vidaregåande opplæring har kjennskap til handlingsplanen
- Ha ei rådgjevande rolle for dei tilsette på skulane i forkant av eventuelle uromeldingar.
- Ha oversikt over behov og tilrå nye satsingar på området.

Arbeidet til gruppa er avgrensa til å gjelde førebyggjande arbeid fram til ei ev. uromelding.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Ressursgruppa har sendt ein søknad om tilskotsmidlar på 500 000,- til Kompetansesenter for kriminalitetsførebygging, for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Prosjektet i søknaden har tittel «Demokratisk danning og inkludering i skulen – førebygging av utanforskap og valdeleg ekstremisme. Kurs for lærarar på ungdomsskule og vidaregåande skule.». Dette er eit nytt prosjekt i Sogn og Fjordane, same prosjekt har vorte gjennomført tidlegare som eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, RVTS Vest og Raftostiftinga. Samarbeidet med RVTS Vest og Raftostiftinga er etablert, og kurset er planlagt hausten 2019. Sjå handlingsplan (vedlagt) for utfyllande tiltak.

Ressursgruppa skal òg i løpet av året 2019 starte opp kompetanseheving på dei vidaregåande skulane i fylket, i første omgang med fokus på bruk av «Rettleiar for førebyggjande arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme» (dokument i saka).

Vidare konsekvensar for ressursbruk og behov for øyremerkta personalressursar lyt vurderast.

### **4. Konklusjon**

Førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme er ei viktig samfunnsoppgåve for alle sektorar. Spesielt i fylket vårt er det behov for at nokon tek eit større ansvar for å samordne det førebyggjande arbeidet. Dette vil gå hand i hand med dei andre satsingane i opplæringssektoren innanfor utanforskap, inkludering, rasisme og mobbing. «Handlingsplan for førebyggjande arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme» peiker ut ei retning for oppstarten av dette arbeidet.